

Psykolog/psykologspesialist i 100 % fast stilling

Vi søker engasjert, fleksibel, fagleg og personleg egna psykolog innan fagfeltet tverrfagleg spesialisert rehabilitering (TSR) og arbeidsretta rehabilitering (ARR).

Stillinga er delt mellom dagavdelinga på Moa (Ålesund kommune) og døgnavdelinga i Valldal (Fjord kommune).

Muritunet har driftsavtale med Helse Midt- Norge RHF innan TSR og ARR.

Døgnavdelinga gir eit rehabiliteringstilbod til pasientar med hjarte- og lungesjukdommar, kreft, sjukeleg overvekt (ungdom og vaksne), muskel- og skjelettsjukdommar, kroniske muskel- og blautdelsmertar, komplekst sjukdomsbilde og ARR.

Dagavdeling gir rehabiliteringstilbod til pasientar med lungesjukdommar, sjukeleg overvekt, kroniske muskel- og blautdelsmertar og ARR. Innanfor ARR drives og eit poliklinisk tilbod. For ytterlegare informasjon om Muritunet og målgruppene sjå: www.muritunet.no

Arbeidsoppgåver

- Kartlegging av og vurderingssamtalar med pasientar innan TSR og ARR
- Bidra til progresjon og forventa utvikling ut frå pasientane si rehabiliteringsplan.
- Bidra fagleg gjennom undervisning, vegleing og tverrfagleg samarbeid.
- Delta i arbeid med pasientsikkerheit, systematisk kvalitetsarbeid og kontinuerleg forbetningsarbeid.
- Undervisning, opplæring og vegleing saman med tverrfagleg personell.
- Medansvar for innskriving og utskrivning av pasientar i tråd med avtalar, rehabiliteringsplan og pasienten sitt behov

Kvalifikasjonar

- Norsk autorisasjon som psykolog, evt. med spesialistgodkjenning
- Relevant yrkeserfaring og klinisk erfaring vil bli vektlagt

Vedkomande bør ha

- erfaring med gruppeterapi og kognitiv metode
- ønske om å arbeide klinisk
- gode samarbeidsevner
- gode ferdigheter i norsk skriftleg og muntleg

Det vil bli stilt krav om framlegging av politiattest forut for tilsetjing i stillinga.

Vi tilbyr

- spennande og utfordrande arbeidsoppgåver i eit godt tverrfagleg miljø
- eit godt utgangspunkt for personleg og fagleg utvikling
- alminneleg arbeidstid på 37,5 timer pr. uke
- konkurransedyktige lønnsvilkår
- gode pensjons- og forsikringsordningar
- gode velferdstilbod
- moglegheit for å leie personalbolig

Kontaktinformasjon

Heidi Toreli, rehabiliteringssjef, 415 18 291, heidi.toreli@muritunet.no

Elisabeth Slotsvik Kleive, adm. dir, 900 21 923, elisabeth.kleive@muritunet.no

Søknadsfrist: 24.09.21

Søknad sendes: heidi.toreli@muritunet.no merk Psykologstilling